



FYLKESMANNEN I TELEMAR
Postboks 2603

3702 SKIEN

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
THORCH	2011/2495	835/2016	64/15	12.01.2016

Tvangssal - gnr. 64/15 i Vinje.

Det blir vist til vedtak den 4.9.2015 ved Fylkesmannen i Telemark, landbruksavdelinga der eigar Ånund Åkre påleggjast innan 3 månader frå dette vedtakets dato å sørge for at gnr. 64, bnr. 15 i Vinje blir overdratt til nokon som kan få konsesjon eller som ikkje trenger konsesjon.

Vi kan pr. i dag ikkje sjå at vi har fått melding om at denne eigedomen har skifta eigar – den er og fortsett registrert Ånund Åkre i følgje matrikkel. Fristen for overdraging etter konsesjonsloven § 18 er med andre ord overskride med ein månad.

Som det tidlegare er opplyst om i saka kan fylkesmannen då - i følgje konsesjonsloven § 19 - utan varsel la eigedomen selje gjennom namsmyndigheitane etter reglar om tvangssal.

Vi ser at eigedomen ligg ute for sal på finn.no. – til ein pris av kr 1 900 000,-. Kjøpesummen i 2011 var kr 380 000,- i følgje konsesjonssaken. Vi kan ikkje sjå at det er oppgjeve opplysningar om mogleg prospekt, takst eller lagt ved ein fotopresentasjon av eigedomen, bustad og omgjevnader.

Vinje kommune bed derfor Fylkesmannen i Telemark foreta tvangssal av gnr. 64/15 som nemnt over.

Med helsing

Toril Nicolaisen
næringsjef

Thor Christiansen
landbruksrådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Kopi: Ånund Åkre, Granåsen 66b, 1362 Hosle